

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 05.12.2019
SAKSHANDSAMAR: Anya Therese Markhus
SAKA GJELD: **Årleg melding 2019 for Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2019/4225
STYRESAK: **102/2019**

STYREMØTE: **16.12.2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner årleg melding 2019 for Helse Førde HF.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å oppdatere aktivitetstal, økonomital og nødvendige kommentarar knytt til tala, før årleg melding blir send til Helse Vest RHF 15. januar 2020.

Oppsummering

Årleg melding er ein rapport som viser korleis Helse Førde HF har følgd opp dei ulike punkta i styringsdokumentet frå Helse Vest RHF. Innhaldet tek føre seg dei helsefaglege, økonomiske og organisatoriske styringskrava. Det er også ein gjennomgang av strategi- og plandokumenta for 2019.

Rapporten syner at Helse Førde leverte gode kvalitetsresultat i 2019, som i føregåande år. I pasientbehandling er ventetidene korte, sjølv om dei har auka noko. Det er få fristbrot og epikrisene blir i hovudsak leverte i samsvar med krava. Det er få utskrivingsklare pasientar innlagde på sjukehusa, og føretaket har i dialog med kommunane funne løysingar når det har vore aukande tendens.

Føretaket har utfordringar med å rekruttere klinisk nøkkelpersonell til delar av drifta, og relativt høge utgifter til vikarar. Det vert arbeidd målmedvite med rekruttering og god planlegging av dei ressursane vi har.

Det store løftet for Helse Førde er utbyggingsprosjektet Nye Førde sjukehus. Føretaket er i gang med første byggesteg, som er nybygg psykisk helsevern (Dagabygget). Planlegging av steg to, nytt somatikkbygg (Livabygget), er godt i gang.

Fakta

I medhald av helseføretakslova paragraf 34, skal Helse Vest RHF rapportere til Helse- og omsorgsdepartementet via årleg melding. Styringsdokumentet 2019 for Helse Førde HF kapittel 7.6, stiller krav til at føretaket skal sende ei tilsvarende årleg melding til Helse Vest RHF innan 15.01.2020. Denne meldinga inngår som grunnlag for Helse Vest RHF si rapportering til departementet, og utgjør slik eit ledd i det samanhengande plan- og styringssystemet mellom Helse Vest RHF og helseføretaka.

Kommentarar

Årleg melding 2019 er ei tilbakemelding på og vurdering av aktivitetar og tiltak i Helse Førde. Meldinga synleggjer at Helse Førde HF har synt god utvikling og dermed auka kvalitet innanfor fleire sentrale område. Føretaket sine resultat ligg blant dei beste i landet for ei rekke kvalitetsindikatorar. Særleg har psykisk helsevern levert svært gode resultat nasjonalt.

Økonomisk prognose tilseier at budsjettkravet på 36 millionar i pluss vert nådd, trass i at vi dette året har hatt utfordringar knytt til høgare kostnader enn venta. Det har mellom anna vore mindre DRG-inntekter enn budsjettert og for høge driftskostnader i delar av organisasjonen. Det er behov for fortsatt stram økonomistyring, og det er uro knytt til at driftsutgiftene er for høge.

Det er utarbeidd framlegg til samla plan for dei prehospitala tenestene, og planen er send på høyring hausten 2019. Det er stor interesse for planen både internt og eksternt, og det har

vore prioritert å ha omfattande kommunikasjon- og møteverksemd for å sikre best mogleg informasjon ut til innbyggjarar og kommunar.

Helse Førde har framtidfokus på å vidareføre kvalitets- og utviklingsarbeidet for å følge opp både sentrale krav og eigne styringsmål. Styringsdokumentet og årleg melding må sjåast i samanheng med dette. Måla og tiltaka er av langsiktig karakter, og handlar om å skape trygge og gode helsetenester for innbyggjarane i Sogn og Fjordane.

Konklusjon

Administrerande direktør rår styret til å vedta «Årleg melding 2019 for Helse Førde HF» slik den ligg føre, men at administrerande direktør har høve til å oppdatere aktivitetstal, økonomital og nødvendige kommentarar knytt til desse tala før årleg melding blir send til Helse Vest RHF.

Vedlegg:
Årleg melding 2019 for Helse Førde HF